



Plymouth og Buick framfor Solheim i ca. 1952 (Bilete frå familien Lyses private arkiv)..

Dei hadde fine bilar i Kvinnherad også for 50 år sidan, sjølv om det ikkje var så mange av dei.. Eit bilete som er teke framfor Solheim Turiststasjon ca. 1952 av to drosjer, bekrefter det. Til høgre står Fridtjof Sundes Plymouth og til venstre ein Buick som ikkje var her frå bygda men som hadde ei spesiell historie.

Geir Røssland, som opphavelig er frå Sunde men no busett i Fana har – med Harald Sætre som mellom-mann – kome med ei ”oppklåring” for oss rundt Buick-en..

Han fortel at bilen vart kjøpt av onkelen hans (Samson) i Chicago i 1948. Året etter tok han bilen med seg til Noreg på ferietur. Mellom andre var faren til Geir, i stor grad som sjåfør, på tur til Oslo og Trøndelag (der tanta til Geir var frå). Bilen vekte oppsikt i hovudstaden på grunn av den dårlege bilstandarden etter krigen og det var visst nokon som baud godt for å kjøpa han.

Onkel Michael (”Melken”) hadde eit vrak av ein førkrigs-Pontiac på den tida og Samson let han overta Buicken. Den vart brukt som drosje til 1957 og vart avløyst av ein Studebaker. Så stod han heime på garden bortimot eit år før han vart selt til Bergen. Bilen var raudbrun av farge slik Geir hugsar han. Den vart omlakkert ein gong, men truleg utan at det vart skifta farge.

Truleg var dette den første bilen Geir Røssland var passasjer i. Han vart køyrt til og frå kyrkja på dåpsdagen i den flotte Buicken!

Av Ola Matti Mathisen